



Erling Solhaug
Langarinden 364b
5132 NYBORG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
22/717 - 2 / CMS

Dato:
27.06.2022

Søknad - gbnr 160/94 - Sævrøy - naust

Me synar til søknad motteke vedrørende oppføring av naust på Sævrøy.

Bebyggelsesplanen er av noko eldre karakter, frå 90-talet. Kommuneplanens arealdel (KPA) med sine føresegn særleg om naust, supplerer eldre planer. Slik søknaden no føreligg vil det vere ein dispensasjonssak. Dette gjeld mellom anna krav til naust som kjem fram av føresegna i KPA. Di søknad er no diverre ikkje i tråd med desse føresegna. Til dømes kan nemnast arealmessig storleik på vindauge som er over kravet, og forbodet mot målbart areal på loft.

Vidare opplyse du om at du skal sprengje for å legge til rette for naust. Dette er noko som og må beskrivast i søknaden og då særleg kor mykje du skal sprengje, og eventuelle ansvarsrettar.

Eg legg ved føresegna til KPA (du treng berre sjå på punkta vedrørende naust her i samanheng med di søknad). Du får vurdere om du ønskjer å endre di søknad eller om du vil søka dispensasjon. I så tilfelle må dispensasjonssøknaden grunngjevast og jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Me høyrer frå deg,

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Føresegner kommuneplanen sin arealdel - Austrheim kommune (L)(153608)



Mottakere:

Erling Solhaug

Langarinden 364b

5132

NYBORG